

## Notat

**Til:** Hovudutvalet for opplæring  
**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Fag – Fordyping – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet

I juni 2013 vart det sett ned eit utval som skulle vurdere grunnopplæringa sine fag opp mot krav til kompetanse i et framtidig samfunns- og arbeidsliv. Utvalet leverte innstilling si, *NOU 2015: 8 Fremtidens skole* 15. juni 2015. *NOU 2015: 8 Fremtidens skole* vart sendt ut på ei brei høyring og hovudutval for opplæring handsama [høyringssvaret](#) i sak 24/2015.

Regjeringa legg no fram ei melding for Stortinget om **Fag – Fordyping – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet** (melding til Stortinget 28. 2015-2016) I meldinga vert det gjort framlegg om å fornye innhaldet i grunnopplæringa innafor rammene av Kunnskapsløftet. *Kunnskapsløftet skal fornyast for å forbetrast gjennom grunnskulen sine fag og gjennomgåande fag i vidaregåande opplæring. Prinsippa som vert lagt til grunn for fagfornyinga vil også på sikt gjelde dei resterande faga i vidaregåande opplæring.*

Meldinga peikar på at den pågåande gjennomgangen av tilbodsstrukturen i fag- og yrkesopplæringa vil kunne føre til ei endring i programområde og fag. Ei eventuell fornying av læreplanar innan yrkesfaglege utdanningsprogram vil først skje når ny tilbodsstruktur er fastsett.

### Bakgrunn

Det har gått ti år sidan innføringa av Kunnskapsløftet, og samfunnet har og vil endre seg. Dette gjer at opplæringa si rolle for arbeids- og samfunnsliv krev ei jamleg vurdering og tilpassing, slik at innhaldet i læreplanane gir eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida.

Meldinga *Fag – Fordyping – Forståelse* peikar mellom anna på at dagens læreplanverk manglar konsistens, har store og utydelege kompetansemål og for dåleg samanheng mellom dei ulike delane i læreplanverket.

Meldinga si målsetting er å fornye læreplanverket, slik at det i heilskap skal gi tydelegare retning for arbeidet i skulen. Samanhengen mellom føremål og innhald skal bli tydelegare, og skulen sitt ansvar for ei heilskapleg opplæring skal ytterlegare konkretiserast.

### Ei fornying av Kunnskapsløftet

Læreplanverket er det sentrale verkemiddelet for nasjonal styring av innhaldet i opplæringa og skildrar kva kompetanse elevane skal utvikle. Følgjande fire element inngår i læreplanverket i Kunnskapsløftet:

- Generell del
- Prinsipp for opplæringa
- Læreplaner i fag
- Fag og timefordelinga

## **Læreplanen sin generelle del og prinsipp for opplæringa.**

Føremålsparagrafen i opplæringslova formulerer verdiane som opplæringa skal realisere. *Generell del* av læreplanverket utdjupar føremålsparagrafen og skildrar dei mange ulike rollene som skulen fyller i samfunnet. *Generell del* gir overordna mål for opplæringa og er grunnlaget for skulen sitt menneskesyn og syn på læring.

*Prinsipp for opplæringa* er brua mellom generell del og læreplanar for fag. Prinsippa omtalar mellom anna sosial og kulturell kompetanse, motivasjon for læring og læringsstrategiar, elevmedverknad, tilpassa opplæring og samarbeid med heimen.

Evalueringar og analyser viser at samanhengen mellom dei ulike delane av læreplanverket er mangelfull, og at gjeldande generell del og læreplanane for faga ikkje reflekterer føremålsparagrafen på ein systematisk måte.

På bakgrunn av desse vurderingane tilrår kunnskapsdepartementet:

- å vidareføre funksjonen som *Generell del* har til å medverke til at den einskilde læreplan med kompetansemål speglar det store samfunnsoppdraget føremålet skildrar.
- at dagens generelle del ikkje reflekterer føremålsparagrafen på ein systematisk måte og vil fornye den generelle delen for å skape betre samheng i læreplanverket. Dette skal medverke til eit meir heilskapleg læreplanverk som er oppdatert og aktualisert for dagens og framtidens samfunn.
- at *Prinsipp for opplæringa* blir innarbeidd i *Generell del*, slik at det vert tydelegare korleis måla kan bli konkretisert gjennom skulen sitt arbeid med det einskilde fag.

Utkast til ny generell del blir sendt ut på høyring etter at denne meldinga er handsama av Stortinget.

## **Læreplanar i fag.**

I meldinga er det godt dokumentert at det er trong for fornying av læreplanar i fag. Fagfornynginga skal gi gode skulefag med relevant innhald og syte for at elevane utviklar kompetanse gjennom djupnelæring og heilskapleg forståing i arbeidet med faga.

Dagens læreplan er strukturert på følgjande måte; føremål, hovudområder, grunnleggjande ferdigheiter, kompetansemål og reglar for sluttvurdering. Meldinga *Fag – Fordyping – Forståelse* meiner at læreplanane er for omfattande og inneheld mange element som kan tolkast i ulike retningar. Innhaldet i dagens fag er breitt, og gjer det utfordrande å få tid nok til å gå i djupna på det elevane skal lære.

Dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skrivning, rekning munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter er rekna som viktige for fagleg læring, allmenndanning og aktiv deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Meldinga peikar på at desse i varierende grad blir uttrykt og forstått i dag.

På bakgrunn av desse vurderingane tilrår kunnskapsdepartementet at:

- alle faga i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring skal fornyas for å gi betre læring og forståing for elevane. Dei skal gi tydelegare retning for lærarane sine val av innhaldet i faga.
- læreplanane i fag skal framleis ha føremål, hovudområde og kompetansemål for faget. Desse skal vidareutviklast og skildre elevane sitt forventa læringsutbytte etter avslutta opplæring på trinna.
- det bør ligge til grunn ein definisjon av kompetanse før ein startar arbeidet med å utarbeide kompetansemål i faga. Denne må vere formulert slik at han passar like godt i alle fag på alle trinn.
- fagfornynginga skal sikre tydelegare prioritering i læreplanane ved å definere kva som er kjerneelement i faga. Med kjerneelement meiner kunnskapsdepartementet *sentrale omgrep, metodar, tenkemåtar, kunnskapsområde og uttryksområde i faget*.
- fagspesifikk kompetanse er utgangspunktet for fornynginga i fag. Faget sin eigenart er avgjerande for korleis det einskilde fag eventuelt inkluderer fagovergripande kompetansar som å kunne lære, kommunisere, samhandle, utforske og skape.

- fornyinga av fag skal det leggas vekt på god samanheng mellom fag. Tre tverrfaglige tema skal prioriteras: *demokrati og medborgarskap, bærekraftig utvikling og folkehelse og livsmestring*.
- dei grunnleggande ferdigheitene er minst like viktige no som da Kunnskapsløftet vart innført, men skal i større grad tilpassast faget på faget sine premisser der det er relevant. Læreplanane skal syne ein klar progresjonen i utviklinga, og det skal bli tydlegare kva fag som har ansvar for dei ulike sidene ved dei grunnleggande ferdigheitene.
- læringsstrategiar og refleksjon over eige arbeid skal omtalast i læreplanen for fag i den grad det er relevant for kompetansen i faget.
- det samtidig med at faga vert fornya skal utviklast ei rettleiing til læreplanverket som gir god støtte til lærarane si planlegging og gjennomføring av opplæringa.

Desse tilrådingane meiner departementet vil gjere faga mindre omfattande, syne god samanheng mellom faga og gje tydlegare prioritering i faga.

## Vurdering

Forskrift til opplæringslova definerer to ulike former for vurdering i fag, undervegsvurdering og sluttvurdering. Vurderinga skal fremje læring, vere eit uttrykk for eleven sin kompetanse, og elevane skal gjennom vurdering få tilbakemelding og god rettleiing.

Undervegsvurdering skal gi elevane tilbakemelding på kvaliteten på arbeidet deira og bidra til fagleg utvikling. Elevane si vurdering av eigne faglege prestasjonar er ein del av undervegsvurderinga, og undersøkingar viser at praksis varierer.

Sluttvurdering, *standpunktkarakter og eksamenskarakter*, blir gjort når opplæringa i faget avsluttast.

Det er vesentleg at lærarar og sensorar har relativt lik forståing av innhaldet i læreplanar for fag, kva som kjenneteiknar kompetansen kompetansemåla skildrar og kva ein kan forvente av elevane. Fylkesmannsembeta melder at det i dag er ulik forståing av samanhengen mellom kompetansemål og undervegs- og sluttvurdering.

Departementet er opptekne av at fagfornyinga skal medverke til å forenkle lærarane sitt vurderingsarbeid samtidig som elevane sitt behov for tydelege og læringsfremjande tilbakemeldingar blir ivareteke.

Forsking viser at det i større grad enn tidlegare blir drive læringsfremjande vurderingsarbeid, og departementet ynskjer å legge til rette for at det lokale utviklingsarbeidet fortset, og medverke til at vurderingspraksisen blir meir lik.

På bakgrunn av desse vurderingane tilrår kunnskapsdepartementet:

- ein tydelegare progresjon i kompetansemål for fag, og mellom fag, og legge til rette for ei meir presis undervegsvurdering. Tydelege utgreiingar av progresjonen i læreplanar for fag og rettleiingar skal gi betre støtte til lærarane sitt vurderingsarbeid.
- at kvar einskild læreplan for fag skal inkludere ein fagspesifikk omtale av vurdering som vil vise korleis undervegsvurderinga skal vere læringsfremjande.
- at det i utviklinga av nye læreplanar skal utviklast rettleiande kjenneteikn på måloppnåing for sluttvurdering for alle fag i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring. Desse vil samtidig vere ei støtte for anna vurderingsarbeid i skulen.
- at metakognisjon, refleksjon over eiga læring og evna til eigenvurdering skal henge tett saman, og at innhaldet i læreplanane i større grad medverkar til at elevane utviklar eit bevisst forhold til si eiga læring.
- at det fagdidaktiske innhaldet i vidareutdanningstilboda i større grad legg vekt på elevvurdering.
- at kunnskap om vurderings- og prøvesystem, og om elevane si læring, skal tydeleggjerast i rammeplanar for grunnskulelærerutdanningane.
- å revidere og forenkle kapittel 3 i forskrift til opplæringslova i lys av dei endringane som bli gjort i læreplanverket.

## Prosess og framdrift av fornying av læreplanar

I den nasjonale prosessen med fagfornyning er det viktig med eit systematisk arbeid både på tvers av fag, og i kvart einskild fag. Departementet vil legge opp til å fornye læreplanane i Kunnskapsløftet i nært samarbeid med fagmiljø og representantar for lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar.

Etter at Stortinget har handsama denne meldinga vil kunnskapsdepartementet utarbeide ny *Generell del* av læreplanverket som skal utdjupe og konkretisere verdigrunnlaget i formålsparagrafen, samt skildre korleis skulen skal arbeide med dette i praksis.

Ny *Generell del* vert sendt på høyring i løpet av 2016, blir fastsett i 2017 og vil ligge til grunn for det arbeidet som skal skje vidare med fagfornyinga.

Fagfornyinga av læreplanverket vil omfatte å:

1. utarbeide ein strategi for arbeidet i samarbeid med organisasjonane som representerer lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar.
2. utforme retningslinjer for fornyinga av fag og utvikling av nye læreplaner.
3. sette ned læreplangrupper som skal være breitt og føremålstenleg samansett av lærarar med praktisk erfaring frå skulen og andre med faglig og fagdidaktisk kompetanse
4. gjennomføre høyring av kvar einskild læreplan.
5. evaluere verknaden av fagfornyinga.

## Implementering

Fagfornyinga skal bidra til at elevane gjennom fordjuping og god progresjon i opplæringa, oppnår auka meistring og forståing i fag og på tvers av fag. Dette føreset innsats frå alle aktørane i skulen og i tilknytning til skulen. Lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar må arbeide med implementering av nye læreplaner som del av sitt kontinuerege arbeid, slik at opplæringa medverkar til læring og utvikling for elevane.

Erfaringane frå tidlegare læreplanendringar syner at det særleg er to ting som er viktige. For det første er det avgjerande at lærarane tek aktivt del i endringsprosessen og for det andre at det organiserast gode prosessar lokalt slik at lærarane får nok kjennskap til dei nye læreplanane.

God implementering føreset god informasjon og rettleiing saman med læreplanane, nok tid til førebuing og tydelege forventningar til kva som blir kravd av dei ulike aktørane. Når det fornya læreplanverket skal takast i bruk, må det gjerast eit lokalt arbeid for å sikre at planar og praksis er i samsvar med mål og innhald i læreplanverket.

Læremiddel er viktige for undervisninga og elevane sitt læringsutbyte. Det gir eit fagleg innhald som er tilpassa elevane og forslag til arbeidsmåtar. Forsking viser at læreboka er styrande for innhaldet i skulen og soleis blir det særst viktige at læremidlane har god kvalitet

På bakgrunn av desse vurderingane tilrår kunnskapsdepartementet:

- å sikre at det fornya læreplanverket, saman med rettleiing og informasjon, gir ei tydeleg retning og ei god støtte til det lokale arbeidet.
- at rettleiinga i lokalt arbeid med læreplanar skal vidareutviklast for å medverke til felles forståing av læreplanane.
- å vurdere kva justeringar av statlege tiltak som kan styrke skuleleiar og skuleeigar si oppfølging av skulen sitt arbeid med det fornya læreplanverket.
- utvikle kvalitetskriterier for læremidlar på bakgrunn av eit pilotprosjekt.

## Økonomiske og administrative konsekvensar

Meldinga til Stortinget tilrår tiltak som samla sett inneber endringar i grunnopplæringa sitt innhald, og legg til grunn at desse endringane ikkje vil ha konsekvensar for dei ordinære driftsutgiftene i grunnopplæringa. Likevel syner meldinga til kostnadar knytt til utvikling av læreplanar og rettleiingsmateriell, utskifting av læremiddel, lokalt baserte kompetanseutviklingstiltak og vidareutdanning og evaluering av verknadane av fagfornyinga.

Kunnskapsdepartementet sendte meldinga **Fag – Fordyping – Forståelse**. *En fornyelse av Kunnskapsløftet* til Stortinget 15 april 2016.